



Tore Hauge
Mykingvegen 329
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1886 - 17/27530

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
27.09.2017

Tilbakemelding etter møte på rådhuset 25.09.2017 - gbnr 209/12 Høyland

Viser til samtale på rådhuset på tysdag. I dialogen med deg, så var tilbakemeldinga mi at eg skulle sjekke opp i status for arbeidet med utbygginga av ny leidning for vatn og avløp til Høyland.

Det er sett i gang eit arbeid med å få bygd ut leidning til vatn og avløp vidare frå utbygginga som har vore frå Eikanger til Lid. Dette prosjektet er med i ein kommunal tilskotsordning. Det er Ivar Eidsheim som styrer prosjektet, og er den du må ta kontakt med dersom du vil melde di interesse og som kan gje deg fleire detaljar om prosjektet.

Dei er no i dialog med grunneigarar og Statens Vegvesen. Vidare er framdrifta å få på plass eit endeleg traseaval for leidningane. Dette er forventa at kan vere på plass i løpet av dei neste 2 månadane.

Denne utbygginga vil kunne stå ferdig ved årsskiftet 2018/19, eller på våren 2019. Avløpsløysinga vert ein communal leidning som ein kan kople seg på, men den som skal kople seg på må sjølv ha eige reinseanlegg, enten ved ein eigen slamavskillar eller felles slamavskillar med fleire eigedommar.

Då utbygginga vil skje i løpet av ca. eit til halvanna år, så rår vi til at du ikkje søker om privat utsleppsløyve no for eit minireinseanlegg. Når den kommunale leidningen er på plass, vil alle få krav om å kople seg til denne. Ved påkopling til den kommunale leidningen kan du ha slamavskillar, ei løysing som ikkje vert godkjent slik status er i området no.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Tore Hauge

Mykingvegen 329 5913

EIKANGERVÅG